

Tove Kristin og Vidar Sleire Tistel

Sleirsvegen 577

Little Sleire

5986 HOSTELAND

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE

Postboks 5091 Majorstua,

0301 OSLO

Little Sleire 25.07.2015

MERKNAD TIL NY NETTILKNYTNING, DALSBOTNFJELLET VINDKRAFTVERK

Me viser til ovannemnde konsesjonssøknad, datert 19.mars 2015 med høyringsfrist 29.07.2015.

Denne konsesjonssøknaden vart gjort kjend for oss som grunneigar via lokal nettavis 19.05.15 og Tove Kristin tok straks kontakt med NVE og fekk etter kvart samtale med Anette Ødegård som vart informert om manglende informasjon frå konsesjon søker Zephyr.

Det vart etter kvart dialog pr. epost der det vart beklagaa manglende informasjon og manglende utsending pr.brev til aktuelle grunneigarar i området den omsøkte linja er inntekna på.

Me fekk utsett høyringsfrist til 29.07.2015 grunna me ikkje hadde motteke brev om saka før me etterlyste det. Brevet kom til oss 23.05.15

Det kan vise seg at NVE og utbygger reknar med at den no omsøkte kraftlinja for nett tilknytning Frøyset transformatorstasjon skulle vere kjent for alle eventuelle berørte partar. På side 14 i konsesjonsøknaden, datert 19.3.2015 står m.a.:

"Melding med forslag til utredningsprogram for Dalsbotnfjellet vindkraftverk er datert 15.04.2011. Med bakgrunn i melding og innkomne høringsuttalelser, fastsatte NVE et utredningsprogram. datert 12.10.2011. Ettersom planene for ny nettilknytning av Dalsbotnfjellet vindkraftverk er gjort offentlig kjent gjennom konsekvensutredningen av vindkraftverket med tilhørende dokumenter, ble det ikke ansett som nødvendig med ny forhåndsmelding. Konsekvensutredningen er utført med grunnlag i utredningsprogrammet fra 2011."

Då utredningsprogrammet blei fastsett var ikkje den alternative linjetrase 2 b kjent. Om denne traseen blei det seinare fortalt at den var ikkje omsøkt. Me som grunneigarar langs kraftlinjetraseen har heller ikkje motteke brev eller informasjon då Dalsbotnfjellet vindkraftverk blei konsekvensutreda og konsesjonssøkt!

Side 23 i konsesjonssøknaden til Dalsbotn vindkraftverk, datert 31.10.2011, står:

2. Alternative løsninger (2a og 2b)

.....

I løpet av samrådsprosessen har det også framkommet ønsker om nettilknytningsalternativ som går lenger øst enn alternativ 2a. Dette er benevnt som alternativ 2b. Fra transformatorstasjonen i Dalsbotnfjellet vindkraftverk vil det da bli bygget en ny 132 kV ledning via Fossdalen sørover til Austgulfjorden. Etter fjordkrysning fortsetter traseen øst for Kjellbu og videre igjennom Myrdalen til Frøyset. Dette alternativet må foreløpig ses på som et eksempel på en østlig trasé, og det er behov for ytterligere vurderinger både av traséføring og kostnadsnivå.

Alternativ 2b er truleg lagt fram av andre som vil unngå linje i dei andre alternativa, utan at det har vore kontakt med oss grunneigarar langs alternativ 2b.

Den no omsøkte linja no som var alternativ 2b - *har for oss ikkje vore ei aktuell linjetrase.* Det har difor tidlegare *ikkje* kome fram kva som er av kulturminner, friluftsliv og biologisk mangfold m.m. i dette området.

Det har då truleg kome inn få uttalelsar til denne nettilknytninga – alt.tiv 2 b, då det ved alle høve tidlegare vart presisert at denne traseen ikkje var omsøkt. Den var då heller ikkje befart før konsesjonssøknaden om vindkraftverket på Dalsbotnfjellet blei levert.

NVE skriv i bakgrunn for vedtak datert 30.09.2013:

Det er også beskrevet to alternative nettilknytninger, 2a og 2b, som er aktuelle dersom kun Dalsbotnfjellet får konsesjon (se figur 1, side 5). NVE konstaterer at disse alternativene ikke er omsøkt, men virkningene er kortfattet utredet for temaene landskap, kulturminner, biologisk mangfold, inngrepsfrie naturområder og landbruk. Dersom det blir aktuelt å gi konsesjon til Dalsbotnfjellet alene vil NVE kreve ytterligere utredninger, blant annet knyttet til naturmangfold. NVE konstaterer at noen høringsinstanser er kritiske til alternativ 2b av hensyn til naturmangfoldet og inngrepsfrie naturområder.

Som grunneigar (Little Sleire 9.2), næringsdrivande med etablert Inn På Tunet (IPT), familie, turgåare og jakt og friluftsmennesker – vil me vidare synleggjere kva betydnad dette området har og har hatt for oss og andre igjennom tidene.

Me legg ved eindel bilete som syner aktivitet og verdiskaping i området og som syner det unike landskapet og friluftsområdet som har særstak stor verdi.

Det er i dette området særstak fine turområde som ikkje er komme med i prosjektsøknaden, stølsminner, utmarksminner og andre kulturminner er heller ikkje kome med.

Det ville vore naturleg at me som grunneigarar i det store området Myrdalen og vidare nedover, fekk tidleg informasjon og høve til å delta på synfaring og dialog tidleg i prosessen. Dette har ikkje utbyggjar Zephyr eller NVE invitert til. Me er ikkje kjent med at andre aktuelle grunneigare har delteke på synfaring eller hatt dialog på eit tidlegare tidspunkt heller.

Det er skissert ein synfaring som ligg til grunn for prosjektsøknad. Den synfaringa er slik me vurderar det, ***lite grundig og lite korrekt i høve til dette området og dei inngrepa det vert søkt om.*** Ein dialog og grundig synfaring med kjentfolk og grunneigarar i område ville gitt adekvat informasjon og ein kunne fått kartlagt viktig kulturhistorie tidleg i prosessen.

Prosjektsøknaden og konsekvensutredninga frå Zephyr ber preg av for mykje synsing og "statistikkberegningar", noko som blant anna kjem fram i manglande kartlegging av eksisterande dyre og fugleliv i området Myrdalen.

Myrdalen har som namnet tilseier ein del myr, noko som er viktig å ta vare på og ikkje bør forstyrast med inngrep av noko slag. Myr er blant dei viktigaste naturressursane me har , med eit viktig økosystem og stort artsmangfald.

I Masfjorden er der mykje myrområder, men slik Myrdalen framstår i sin heilheit er det eit unikt område i Masfjord-målestokk.

Masfjorden har etter kvart fått mykje kraftlinjer og Myrdalen er eit sjeldan landskap å sjå og oppleve – fritt for tekniske inngrep.

Fuglelivet må sjåast i samanheng med det myrområdet og dalføre som ligg der og dei verdiane som i det ligg.

Ei kraftlinje vil føre til auka kollisjonsfare for sårbare og truga artar i dette området.

Retningsbestemte formasjonar i landskapet tener ofte som sokalla leielinjer for trekkfugler. Døme på dette er dalføre, elvar, store vatn og kystlinjer.

Mange fuglar brukar Myrdalen som trekkdal og kraftlinja vil utsetje mellom anna kongeørn, havørn, storfugl, orrfugl, stor - og smålom og songsvaner for stor fare.

Dette av di ei kraftlinje i skogsterrenget på Myrdalen vil utgjere stor fare for utsatte fuglegrupper som hønsefugl, rovfugl og ugler. Me har på post under storviltjakt observert ugler i området – eit sjeldant vakker syn! Me registrerer blant anna mindre ryper og skogfugl i området enn tidlegare og er uroa for at desse vil forsvinne heilt om linja vil komme her.

Vegen opp igjennom Myrdalen frå Store Sleire er ein gammal drifteveg og der er komme fram opplysningar som tilseier at vegen er riktig gammal og har hatt stor betydning langt tilbake i tid. Den dag i dag vert vegen nytta til sankeveg –sau, turveg for alle og traktorveg i høve jakt og skogsdrift.

Det vert fortald av lokale kulturformidlare at det på slutten av 1920 talet, var båtar som byrja gå med turistar frå Bergen til Hosteland og Risnes kaia, som der vart frakta med hesteskyss til Sleire og tok turen opp i Myrdalen – til Bondesteinen- Halsane og vidare til Austgulstølen- ned til Austgulfjorden for så å ta båt til Bergen igjen.

Dette var kort og godt rundturar i området med turglade mennesker slik det er i dag i same området. Det har truleg vore ein gamal ferdaveg/postveg i dette området og me legg til at det er verdt å merke seg at nær gamle vegar vil ein ofte finne fornminner, stølsminner, utmarksminner og andre kulturminner som bør undersøkast nærmere

Konklusjonen er at vegen igjennom Myrdalen kan vere eit automatisk freda kulturminne!

No ser det ut som at NVE ikkje har krevd § 9-undersøkelser før etter at konsesjon er gitt. Dette vil då truleg føre til at evt. funn i området ikkje vil stoppe ei evt. utbygging same kor mange og viktige funn som vil bli gjort.

Dette er særskilt uheldig for kulturminner og for kommunene som innehar desse .

I området Myrdalen/Kjellby er det i dag mange utmarksminner, stølsminner og minner om vegar og stigar som kryssar igjennom området.

Myrdalen og Kjellby er eit område som ligg i mellom fleire bygdelag, der bønder og andre har gått til kvarandre og hatt møteplass ved Bondesteinen. Området ved Kjellby hadde store flater og har truleg og vore møtestad for bygdefolket på begge sider.

Sleire har hatt mykje skog og det har vore ein del handel der ein bytte varer og tenester mot å hogge ved og liknande. Bondesteinen er kjend som møteplass for bøndene, her er det også ofte fjelltrimpst til glede for turgåare i dag.

Det vert fortalt om gamal gravhaug i nærleiken av Gygrebotn, noko som bør kartleggast av fagfolk snarleg og som kan vere eit automatisk freda kulturminne.

Der var i si tid seterdrift frå 2 bruk på Little Sleire. Det nordste (Zefrak registrert) høyerte til Gard nr.9 bruk nr.3 Bjørkehagen. Den andre setra – høyerte til ”Litler” Gard nr.9 bruk nr.9.2 og vart sett opp tidleg på 1920 talet. Dette er setra til underteikna.

Her var stølsdrift til kring 1949 og stølen vart bygd oppatt på gamle grunnane i perioden 1989-1991. Setra har seinare fått namnet Kjellsbu etter Kjell Sleire (Bestefar til Tove Kristin). Setra fekk nytt tak og påbyrja påbygg i 2014 og vert nytta heile året av familien.

Korkje stølsmiljø eller setra er beskrivne i prosjektsøknad frå Zephyr.

På setra var det i 2014 halde stølsmesse ved soknepresten i Masfjorden og Barnas Turlag. Masfjorden har dei siste åra tatt årlege turar dit med mange deltakarar.

Kvar sommar og haust er setra møteplass for fleire generasjonar og nettopp historien til seterdrifta og staden begge setra ligg på –gjer at fleire kvar veke tek rundtturar i Myrdalen og gjerne nyttar eine skogsvegen opp og den andre skogsvegen nedatt. Skogsvegane har stor verdi for at flest mogleg kjem seg ut i naturen og fleire med nedsatt funksjonsnivå – og tilknytt Inn På Tunet –tilbodet på Little Sleire 9.2, har hatt god moglegheit til å ferdast innover Myrdalen og fått nyta omgjevnadene og friluftslivet det.

Det vert sagt at skottane busette seg først på Sleire og dette kan ha hatt ein del å seie for stadnamna kring her. Stadnamn atterspeglar tydeleg den språklege og kulturelle historia til lokalsamfunn og er soleis bindeledd mellom gamal og ny tid. Her er mykje gamle stadnamn knytt til Myrdalen og områda ned mot og på Sleire. Stadnamn har om regel samanheng med opphav i eit eller anna særmerke ved staden. Stadnamn fortel oss gjerne om ferdsselsvegar, busetnad, sædar, skikker frå eldre tid. Me legg ved oversikt over stadnamn som kan vere aktuelle å sjå nærmere på i tilknytning til vurdering av kulturhistorisk verdi for område.

Vil Vise til Kulturminneloven – Lov av 9.juni 1978 nr.50 **om kulturminner som har til formål å verne kulturminner og kulturmiljøer både som ein del av vår kulturarv og som ledd i ein heilhetleg miljø- og ressursforvaltning** (jfr. Regjeringen.no) og til Naturmangfaldlovens (lov frå 2009) formål §1 som seier noko om å ta vare på naturens mangfold og viktige verdier knytt til naturmangfaldet. Vidare særslig § 2 kapittel II som omfattar bestemmelser som;

- * *forvaltningsmål for naturtyper*
- * *forvaltningsmål for artar*
- * *krav om kunnskapsgrunnlaget for beslutninger som angår naturmangfoldet*
- * *føre-var prinsippet*
- * *prinsippet om økosystemtilnærmingar og samlet belastning*

Me har sauher i området kvart einaste år og saman med fleire andre grunneigar er me med i Sleirsfjella beiteland som til saman har mellom 400-500 sauher. Det er eit viktig beiteområde og kvar veke igjennom beitesesongen ser me til dyra på beite i området.

Området Frå Little Sleire til Myrdalen og i Myrdalen vert mykje brukt av oss som rekreasjonsområde der me årleg jaktar hjort i heile området. På vårt gardsbruk er det pridag 3 jegerar – to generasjonar med stor interesse for dette. Området er unikt og godt som jaktterreng og har som nemnt eit fugle- og dyreliv som må takast vare på for generasjonar i framtida. Jakta er matauk for oss og me brukar ein del tid og pengar på dette som er med på å gjere trivnaden med å bu på Little Sleire- stor!

Heile området er og eit ynda skiområde, der me som grunneigar har lagt til rette for skiløyper og skirenn. Vinterstid er der og turutfart i området som er kjent og godt likt av innbyggjarar i kommunen med dens unike natur, topografi, fine turmoglegheiter og urørt område utan linjenett.

På garden Little Sleire 9.2 (gards og bruksnummer) har me sidan 2013 drevet med dagtilbod -Garden som ressurs-som er tilrettelagte dagtilbod for brukare som igjennom deltaking i arbeidsoppgåver og kvardagslivet på garden får positive opplevingar som bidreg til mestring, meinings og ein positiv eigenvikling.

I Juli 2015 er me godkjend som Inn På Tunet tilbydar og har planar om å utvide aktivitetstilbodet tilknytt dette.

Me brukar nærområdet hyppig og då særslig området som ligg i nærleiken av Bastelia og Storemyra – her har me etablert gapahuk og har undervisning, utedagar, leirplass og arbeidsområdet med aktivitetar knytt til dagtilbodet. Me går turar i området, sankar bær, sopp og lagar mat.

Som grunneigar på Little Sleire 9.2 og som 2 generasjoner med innbyggjar i Masfjorden Kommune ber dykk ta hensyn til innkomne merknader til omsøkte linjetrase og ikkje gje konsesjon for den 132 kV linja.

Heilhetleg bør de legge vekt på den *samla lastninga* me vil få med kraftlinje eventuelt bak oss og framfor oss. Då den planlagte kraftlinja 420 kV Modalen – Mongstad vil gå via Sleire og berøre oss alle her –er dette er meir enn me som innbyggjar kan leve med i dag og i framtida.

Det er ingenting galt i å tene penger eller å sørge for straum til dei som treng det.

Det som er galt er når dei økonomiske verdiane går framføre verdiar som ikkje kan målast i penger! Tunge tekniske tiltak som kraftmaster og – linjer påverkar oss som ynskjer å oppleve natur og landskap, og som skal bu og leve i området!

Me er sterkt imot denne nettilknytninga og håpar de som behandlar av konsesjonssøknad for ny 132 kV leidning Dalsbotnfjellet – Frøyset seier *nei* til omsøkte linje igjennom eit heilt unikt område.

Med helsing frå

Familien Tove Kristin & Vidar Sleire Tistel

Vedlegg:

Bilete

Stadnamn

Aktuellt:

www.litlesleire.com

www.masfjordenkommune.no – gardskart, oversikt over stadnamn, gards-ættesoga

"Fotturar i Masfjordfjella" – K.Monsen

